



MØTEBOK

Organ	Hovudutval for kultur
Møtestad	Fylkeshuset, Leikanger, møterom Hella
Møtedato	29.09.2015
Kl.	09:00 - 1300

Faste medlemmer til stades:

Nils Gjerland, Sp
Jan Olav Fretland, SV, nestleiar
Anita Nybø, Sp
Eva Hage Solstad, Ap
Torbjørn Vereide, Ap
Liv Stave, H
Trude Brosvik, KrF
Lars-Svein Drabløs, Frp
Marit Barsnes Krogsæter, V

Forfall til møtet:

Varamedlemer til stades:

Til stades med møte- og talerett:

Fylkesdirektør Ingebjørg Erikstad

Sekretariat for møtet:

Helga Bjørkhaug

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå 15.06.15 og 25.08.15 vart godkjend utan merknader.

SAK 35/15 Tertiaryrapport 2/15

VEDTAK:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2015

- 1 Budsjettert fylkeskatt vert redusert med 7,000 mill. kr.
- 2 Rammetilskotet vert auka med 24,385 mill. kr.
- 3 Føresette inntekter på rentekompensasjonsordningane vert redusert med 2,300 mill. kr.
- 4 Budsjetterte utgifter til renter og avdrag vert redusert med 2,300 mill. kr.
- 5 Konesjonskraftinntektene vert redusert med 1,800 mill. kr.
- 6 Avsetting til disposisjonsfond vert auka med netto 17,000 mill. kr med slik fordeling:

Bruk av disposisjonsfond
Reduksjon i lokale inntekter vert saldert mot bufferfondet 1,800 mill. kr
Fondsmidlar til juridisk honorar 1,200 mill. kr

Avsetting til disposisjonsfond
«Fylkesvegar – vedlikehaldsmidlar» 20,000 mill. kr
- 7 Sektorbudsjettet til forvaltning vert redusert med 2,500 mill. kr med slik fordeling:
Teneste 4200 Administrasjon vert redusert med 3,700 mill. kr.
Teneste 4800 Juridisk honorar vert auka med 1,200 mill. kr.
- 8 Sektorbudsjettet til opplæring vert redusert med 11,246 mill. kr med slik fordeling:
Teneste 5100 Utgifter til lokale vert redusert med 4,800 mill. kr.
Teneste 5150 Forvaltning og fellesutgifter vert redusert med 1,400 mill. kr.
Teneste 5200 Pedagogisk leing m.v. vert redusert med 0,664 mill. kr.
Teneste 5201 Pedagogiske fellesutgifter vert redusert med 3,200 mill. kr.
Teneste 5202 Gjestelevar vert redusert med 0,500 mill. kr.
Teneste 5210 Utdanningsprogramma vert auka med 0,500 mill.kr.
Teneste 5313 Jordbruksskulegardar vert redusert med 0,100 mill. kr.
Teneste 5613 Oppfølgingstenesta vert redusert med 0,182 mill.kr,
Teneste 5701 Opplæring i bedrift vert redusert med 1,400 mill. kr.
Teneste 5702 Fagprøvar vert auka med 0,500 mill. kr.
Teneste 5810 Vaksenopplæring vert auka med 0,500 mill. kr.
Teneste 5903 Karriererettleing vert redusert med 0,500 mill. kr.
- 9 Teneste 7019 Andre næringsområde vert auka med 1,500 mill. kr. Midlane vert nytta til etablering av eit preså Kornfond.
- 10 Sektorbudsjettet til kultur vert auka med 0,550 mill. kr med slik fordeling:
Teneste 7500 Kulturminnevern vert auka med 0,100 mill. kr.
Teneste 7710 Kunstformidling vert auka med 0,450 mill. kr.

- 11 Sektorbudsjettet til samferdsle vert auka med 11,781 mill. kr med slik fordeling:
Teneste 7221 Driftsmidlar overført til investering vert auka med 30,281 mill. kr.
Teneste 7222 Fylkesvegar – drift og vedlikehald vert auka med 5,700 mill. kr.
Teneste 7223 Fylkesvegar uforutsette hendingar vert redusert med 21,400 mill. kr.
Teneste 7300 Buss – Kjøp av teneste vert redusert med 0,500 mill. kr.
Teneste 7301 Buss – Skuleskyss grunnskulen vert auka med 0,400 mill. kr.
Teneste 7302 Buss – Skuleskyss vgs. vert redusert med 0,700 mill.kr.
Teneste 7303 Ungdomstilbod vert redusert med 1,300 mill. kr.
Teneste 7306 Buss – Diverse vert redusert med 0,700 mill. kr.
Teneste 7310 Fylkesvegferjer vert auka med 4,700 mill. kr.
Teneste 7321 Båt – skuleskyss/veglause grender vert redusert med 0,600 mill. kr.
Teneste 7322 Båt – Ekspress- og lokalruter vert redusert med 2,800 mill. kr.
Teneste 7331 Tilrettelagt transport vert redusert med 1,300 mill. kr.
- 12 I høve sluttsaldering av kostnader knytt til brannen i Skatestraumtunnelen får fylkesrådmannen fullmakt til å saldere avrekning av tildelt skjønstilskot frå KMD og eventuell erstatning frå eigar av vogntoget si ansvarsforsikring mot skadefondet for fylkesvegnettet.

B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2015

- 1 Investeringsprogrammet for bygg med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 1.
- 2 Investeringsprogrammet for fylkesvegar med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 2.

C. Andre område

- 1 Rapportering på finansporteføljen i vedlegg 3 vert teken til vitande.
- 2 Rapportering på konsesjonskraftomsetjing i vedlegg 4 vert teken til vitande.

SAK 36/15 Statsbudsjettet 2015 - kap. 1429 post 71 freda bygg, fordeling av tilskot frå førehandsløyving for 2016 og omfordeling midlar løyvd i 2014

VEDTAK:

1. Tilskot frå førehandsløyvinga for 2016 vert fordelt på fyljande prosjekt:
 - a. Våningshuset på Nedre Kvamme i Lærdal kr. 900 000
 - b. Restaureringsleiar for freda bygningar kr. 100 000
2. Kr 100 000 som tidlegare er løyvt til istandsetjing av grunnmur på Hagevik Tønnefabrikk i Vågsøy kommune vert omfordelt til istandsetjing av dører og karmar, forsterking av opne/lukkesystemet i dører i 2 etg, vedlikehaldsarbeid på grue, vedlikehald av vindaugsbeslag og andre mindre tiltak på fabrikkbygningen.

SAK 37/15 Den Kulturelle spaserstokken 2016 - løyvingar

VEDTAK:

1. Avsett løyving til Den kulturelle spaserstokken, 988 000 kroner, vert fordelt slik:

Askvoll kommune	kr. 40 000,-
Aurland kommune	kr. 20 000,-
Balestrand kommune	kr. 15 000,-
Bremanger kommune	kr. 55 000,-
Eid kommune	kr. 50 000,-
Fjaler kommune	kr. 50 000,-
Flora kommune	kr. 70 000,-
Førde kommune	kr. 88 000,-
Gaular kommune	kr. 45 000,-
Gloppen kommune	kr. 40 000,-
Gulen kommune	kr. 15 000,-
Hornindal kommune	kr. 40 000,-
Hyllestad kommune	kr. 40 000,-
Høyanger kommune	kr. 60 000,-
Jølster kommune	kr. 15 000,-
Leikanger kommune	kr. 40 000,-
Luster kommune	kr. 45 000,-
Lærdal kommune	kr. 25 000,-
Naustdal kommune	kr. 35 000,-
Selje kommune	kr. 15 000,-
Sogndal kommune	kr. 40 000,-
Solund kommune	kr. 20 000,-
Stryn kommune	kr. 40 000,-
Vik kommune	kr. 20 000,-
Vågsøy kommune	kr. 45 000,-
Årdal kommune	kr. 20 000,-

2. Tilskotet gjeld for 2016. Tilskotet må brukast i samsvar med søknad. Det er eit vilkår at det er levert rapport for tildelingane i 2014 før utbetaling for 2016.

SAK 38/15 Medlemskap i Norges Verdensarv

VEDTAK:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune teiknar medlemskap i «Norges Verdensarv».
2. Årleg medlemskontingent, kr. 20 000,-, vert dekkja innafor budsjetttramma til hovudutval for kultur.

SAK 39/15 Skriv og meldingar - Hovudutval for kultur 29.09.2015

Følgjande skriv og meldingar låg føre:

1. Bevaringsprogrammet for utvalgte arkeologiske kulturminne og kulturmiljø (BARK) - tilskot til Sogn og Fjordane fylkeskommune
 2. Takk for kunstnarstipend - Linda Gytri
 3. Referat frå møte om etablering av nasjonalt tingstadnettverk
 4. Referat frå dialogmøte mellom Musea i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane fylkeskommune
 5. Nasjonal bibliotekstrategi 2015 – 2018
 6. Årsmelding 2014 for Vestnorsk Jazzsenter
-

SAK 40/15 Budsjett 2016 - Kultur

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Sektorramme for kultur vert fordelt slik på programområde i 2016:

Programområde		B 2015	B 2016
740	Bibliotek	6,283	5,623
750	Arkiv og kulturminneføremål	13,157	12,575
760	Museum	16,244	15,044
771	Kunstformidling	9,344	9,616
772	Kunstproduksjon	11,474	11,294
775	Fysisk aktivitet og idrett	2,472	2,592
790	Andre kulturaktivitetar	11,629	10,956
SUM		70,603	67,700

2. Vedtekne reduksjonar vert fordelt slik på programområde og tiltak i 2016 (og 2017):

Programområde		Tiltak	B 2015	B 2016	B 2017
740	Bibliotek	Bokbåten	-0,640	-1,300	-1,600
750	Kulturminneforvaltning	Aktivitet (Fylkesarkiv)			-0,700
750	Kulturminneforvaltning	Del av forvaltning - 0,7			
760	Museum		-1,100	-2,200	-3,200
771	Kunstformidling	Fylkesmusikarordn.	-0,900	-0,700	-0,600
771	Kunstformidling	Kultur og helse	-0,200	-0,500	-0,500
771	Kunstformidling	Den kulturelle skulesekken	-0,100	-0,100	-0,200
772	Kunstproduksjon	Tilskot til regionale kulturinstitusjonar		-0,200	-1,000

790	Andre kulturaktiviteter	Kulturmidlar	-0,900		
SUM			3,840	5,000	7,800

3. Hovudutvalet ber fylkesdirektøren tidleg i 2016 starte arbeidet med å førebu vedtekne reduksjonar i 2017 slik at desse kan realiserast som føresett.
4. Av budsjettmessige årsaker avslår hovudutval for kultur søknad om tilskot frå:
 - Langeland Ski- og fritidssenter AS
 - Stryn turn- og idrettslag
 - Stiftelsen Måløyraidsenteret
5. Hovudutval for kultur rår til at det vert arbeidd vidare med å realisere fellesmagasin for musea i fylket som del av utbygging av nytt formidlingsbygg for Sunnfjord Museum i Movika i Førde.

Hovudutvalet vurderte gildskapen til Eva Hage Solstad. Utvalet fann Eva Hage Solstad gild til å ta del i handsaming av saka.

Endringsframlegg:

Høgre sette fram slikt framlegg til endring under punkt 4:

Fylkeskommunen yter 0,8 mill som eit eingongs investeringstilskot til Stiftinga Måløyraidsenteret.

Hovudutval for kultur sette fram slikt framlegg til eit nytt punkt 4:

Hovudutvalet viser til framlegg til finansieringsmodell for musea mellom kommunane og fylkeskommunen, i brev frå ei KS-arbeidsgruppe av 23.9.2015. Hovudutvalet meiner dette framlegget til kompromiss kan vera eit godt grunnlag for kostnadsdelinga og ber finansutvalet leggja det til grunn for budsjettarbeidet vidare.

Kristeleg Folkeparti sette fram slikt framlegg til eit nytt punkt 5:

Det vert ikkje reduksjon av fylkeskommunal løyving til drifta av Gulatinget. Løyvinga for 2016 vert på kr. 1.065.000,00, dekka innafor kulturbudsjettet. Fylkeskommunen vil også aktivt støtte arbeidet om å få statlege driftsmidlar til utvikling og drift.

Hovudutval for kultur sette fram slikt framlegg til endring under punkt 4, no nytt punkt 6:

Dersom det blir løyvt ekstra statlege midlar til å sikra at Musea i Sogn og Fjordane kan stå for ei forsvarleg drift av Måløyraid-senteret, er fylkeskommunen innstilt på å delta med sin del av investeringsbudsjettet

Arbeiderpartiet sette fram slikt framlegg til endring under punkt 4, no nytt punkt 7:

Hovudutvalet for kultur oppmodar Finansutvalet til å finne midlar for å innfri søknaden til Langeland Ski- og Fritidssenter AS på 600 000 for å få etablert ei rulleskibane på 3,3 km på Langeland.

Venstre sette fram slikt framlegg til tillegg under punkt 5 i tilrådinga frå fylkesdirektøren:

Før vi startar nybygg av lokal til fellesmagasin for musea i fylket bør vi undersøke kostnadane med å legge det til Lefdal gruve.

Avrøysting:

Høgre trekte endringsframlegget sitt.

Hovudutvalet sitt framlegg til eit nytt punkt 4 vart samsøystes vedteke. Endra punkt 4 i tilrådinga frå fylkesdirektøren vert nytt punkt 8.

Kristeleg Folkeparti sitt framlegg til eit nytt punkt 5 vart vedteke med 7 røyster, Gjerland, Fretland, Nybø, Stave, Brosvik, Drabløs og Krogsæter. Solstad og Vereide røysta imot.

Hovudutval for kultur sitt framlegg til eit nytt punkt 6 vart samrøystes vedteke.

Arbeiderpartiet sitt framlegg til eit nytt punkt 7 vart samrøystes vedteke.

Venstre sitt framlegg til tillegg under punkt 5 fekk 3 røyster, Krogsæter, Vereide og Drabløs. 6 røysta imot, Gjerland, Fretland, Nybø, Solstad, Stave og Brosvik, og framlegget vart dermed forkasta.

Punkt 1-3 i tilrådinga frå fylkesdirektøren med vedtekne endringar i punkt 4-9 vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Sektorramme for kultur vert fordelt slik på programområde i 2016:

Programområde		B 2015	B 2016
740	Bibliotek	6,283	5,623
750	Arkiv og kulturminneføremål	13,157	12,575
760	Museum	16,244	15,044
771	Kunstformidling	9,344	9,616
772	Kunstproduksjon	11,474	11,294
775	Fysisk aktivitet og idrett	2,472	2,592
790	Andre kulturaktivitetar	11,629	10,956
SUM		70,603	67,700

2. Vedtekne reduksjonar vert fordelt slik på programområde og tiltak i 2016 (og 2017):

Programområde		Tiltak	B 2015	B 2016	B 2017
740	Bibliotek	Bokbåten	-0,640	-1,300	-1,600
750	Kulturminneforvaltning	Aktivitet (Fylkesarkiv)			-0,700
750	Kulturminneforvaltning	Del av forvaltning - 0,7			
760	Museum		-1,100	-2,200	-3,200
771	Kunstformidling	Fylkesmusikarordn.	-0,900	-0,700	-0,600
771	Kunstformidling	Kultur og helse	-0,200	-0,500	-0,500
771	Kunstformidling	Den kulturelle skulesekken	-0,100	-0,100	-0,200
772	Kunstproduksjon	Tilskot til regionale kulturinstitusjonar		-0,200	-1,000
790	Andre kulturaktiviteter	Kulturmidlar	-0,900		
SUM			3,840	5,000	7,800

3. Hovudutvalet ber fylkesdirektøren tidleg i 2016 starte arbeidet med å førebu vedtekne reduksjonar i 2017 slik at desse kan realiserast som føresett.
4. Hovudutvalet viser til framlegg til finansieringsmodell for musea mellom kommunane og fylkeskommunen, i brev frå ei KS-arbeidsgruppe av 23.9.2015. Hovudutvalet meiner dette framlegget til kompromiss kan vera eit godt grunnlag for kostnadsdelinga og ber finansutvalet leggja det til grunn for budsjettarbeidet vidare.

5. Det vert ikkje reduksjon av fylkeskommunal løyving til drifta av Gulatinget. Løyvinga for 2016 vert på kr. 1.065.000,00, dekkja innafor kulturbudsjettet. Fylkeskommunen vil også aktivt støtte arbeidet om å få statlege driftsmidlar til utvikling og drift.
6. Dersom det blir løyvt ekstra statlege midlar til å sikra at Musea i Sogn og Fjordane kan stå for ei forsvarleg drift av Måløyraid-senteret, er fylkeskommunen innstilt på å delta med sin del av investeringsbudsjettet
7. Hovudutvalet for kultur oppmodar Finansutvalet til å finne midlar for å innfri søknaden til Langeland Ski- og Fritidssenter AS på 600 000 for å få etablert ei rulleskibane på 3,3 km på Langeland.
8. Av budsjettmessige årsaker avslår hovudutval for kultur søknad om tilskot frå:
 - Stryn turn- og idrettslag
9. Hovudutval for kultur rår til at det vert arbeidd vidare med å realisere fellesmagasin for musea i fylket som del av utbygging av nytt formidlingsbygg for Sunnfjord Museum i Movika i Førde.
